

Arkivnr: 2019/418-3
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Reglement for kontrollutvalet

Bakgrunn for saka.

Det vert dette året utarbeidd reglement for dei ulike politiske utvala i Vestland fylkeskommune.

Drøfting.

Utkast til reglement for kontrollutvalet tar i hovudsak utgangspunkt i:

- Struktur frå øvrige reglement for hovudutval i Vestland fylkeskommune (VLFK).
- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) av 22.06.2018, særleg §§ 22-24.
- Forskrift om kontrollutvalg og revisjon av 17.06.2019
- Sams drøftingsmøte mellom kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) og Hordaland fylkeskommune (HFK), seinast i Førde 06.05.19.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD): Kontrollutvalsboka, 2. utgåve, 2016.
- Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) Veileder – sekretariat for kontrollutvalet.
- Reglement for kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, vedteke i FT-sak 48/15.
- Notat av 20.02.19 frå kontrollsjef Hogne Haktorson til Fellesnemnda.
- Erfaringar / vanleg praksis i tida 2005 – 2019.

Formuleringar i utkast til reglement, som går fram av lov og forskrift, er ikkje omtalt særskilt. I saksframlegget er det lagt vekt på nokre avklaringar om korleis VLFK vil ha det, på nokre område der det er valfridom.

Tal medlemmar i kontrollutvalet

Viser til notat av 20.02.19 frå kontrollsjef Hogne Haktorson til Fellesnemnda, sitat:

«... opplysa om at kontrollutvalsmedlemmane under sams drøfting, i all hovudsak tok til orde for at tal medlemmar burde aukast frå 5 til 7 medlemmar, og eg nemner nokre moment:

- *Etter kommunelova av 1992 skal det vera minst 3 medlemmar i kontrollutvala. Våre fylkeskommunar valde å ha 5 medlemmar.*

- *Av ny kommunelov går fram at minstetalet for kommunar og fylkeskommunar er 5 medlemmar i kontrollutvala. Ein meiner då at det bør vera 7 medlemmar i kontrollutvalet for ein fylkeskommune med 630.000 innbyggjarar, og ikkje minstetalet som og gjeld kommunar på under 1.000 innbyggjarar.*
- *Dette kan sikra ein breiare diskusjon, der fleire politiske parti deltar.»*

Kontrollutvala for våre to fylkeskommunar stod på same standpunkt då drøftings sak var oppe i sams møte 06.05.19.

Samansetjing – tal medlemmar frå fylkestinget.

- På eit vis er det lagt ein kabal for VLFK som inneber at tre av kontrollutvalet sine medlemmar vert valde av fylkestinget. Det blir etablert fire hovudutval i den nye fylkeskommunen, kvar med 15 medlemmar som alle skal veljast mellom fylkestinget sine medlemmar. Det gjeld då tilsaman 60 av fylkestinget sine 65 representantar. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar er ikkje tenkt som medlem av hovudutval eller kontrollutval, og då er det tre representantar igjen som kan ha sete i kontrollutvalet.
 - Hordaland fylkeskommune har no reglement om at 3 av 5 medlemmar skal ha sete i fylkestinget, derav leiar. Leiaren skal tilhøyra konstallasjonen som ikkje har fylkesordførar / fylkesvaraordførar.
 - Sogn og Fjordane fylkeskommune har reglement om at 2 av 5 medlemmar skal ha sete i fylkestinget, og at det skal vera leiar og nestleiar i utvalet. Leiaren skal tilhøyra konstallasjonen som ikkje har fylkesordførar / fylkesvaraordførar.
 - Både kommunelova av 1992 og av 2018 har krav om at minst ein av medlemmane skal veljast blant fylkestinget sine medlemmar.
- Kontrollutvala for våre to fylkeskommunar signaliserte i sams drøftingsmøte 06.05.19 at dei synest det var greitt at tre medlemmar var rekruttert frå fylkestinget og fire utanfor fylkestinget
- Kontrollutvalet i Hordaland fk. har fleirtal av medlemmar frå fylkestinget medan fleirtalet vil vera rekruttert utanfor fylkestinget i VLFK. For Sogn og Fjordane sin del er alt fleirtal i utvalet rekruttert utanfor fylkestinget sine medlemmar, og etter lovverket må det kun vera ein frå fylkestinget i kontrollutvalet.
- Dersom fleire enn tre medlemmar i kontrollutvalet skal rekrutterast frå fylkestinget sine medlemmar, så må det innebera at nokre frå hovudutvala blir rekruttert utanfor fylkestinget sine medlemmar. Det er uforeinleg å ha sete både i eit hovudutval og i kontrollutvalet jmf. kommunelova av 2018 §23-1, 3. lekk pkt. c.

Rekruttering av leiar.

- Her fastslår kommunelova av 2018 §23-1, 2. lekk, 2. punktum at «*Lederen kan ikke være medlem av samme parti eller tilhøre samme gruppe som ordføreren*».
- Kontrollutvala i SFFK og HFK var i møte 06.05.19 samde om at dette og bør gjelda nestleiar.

Rettar for kontrollutvalsmedlemmar som ikkje har sete i fylkestinget - oppmøte i partigruppene.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde eit innspel i kontrollutvalsmøte 07.05.19, sak 26/19. I underpunkt 4, 3. avsnitt er følgjande protokollert:

«Kontrollutvalet ba kontrollsjefen ta med oppmøte i partigruppene før fylkestingsbehandling av kontrollutvalssaker, som innspel i saka om reglement, der ein vil legge opp til at kontrollutvalsmedlemmane som ikkje er medlemmer i fylkestinget har høve til å få dekkja reise- og diett i tillegg til møtegodtgjersle for å delta på gruppemøte i framkant av fylkesting der kontrollutvalssaker er på sakskartet.»

Det er stor forståing for innspelet i lys av at:

- Alle medlemmar i dei fire fylkeskommunale hovudutvala kan delta på respektive gruppemøte i framkant av fylkestinget, ettersom dei har sete i fylkestinget.
- Tilsvarande for kontrollutvalet, så gjeld det berre for 3 av 7 medlemmar. Det er ikkje «tilrettelagt» for dei fire øvrige medlemmane.

- «Tilrettelegging» i HFK går i første rekke på at fylkestingsrepresentantane får dekkja reisekostnaden, i og med at dei likevel skal møta der tingsetet er, og dei kan møta dagen før tingsetet, få med seg gruppemøte og få dekkja overnatting natt til tingsetet. Sakshandsamar har forstått det slik at deltaking på gruppemøte i HFK ikkje utløyser fylkeskommunal møtegodtgjersle.

Gruppemøta er i første rekke partia sine møte og ikkje fylkeskommunen sine møte. Kva rettar ein evt. har gjennom respektive parti er ivedkomande HFK.

Slik innspelet frå kontrollutvalet i SFFK er formulert, tolkar sakshandsamar at dette i første rekke gjeld økonomiske rettar for kontrollutvalsmedlemane. Innspelet er absolutt legitimt, ettersom det økonomisk sett er vanskelegare for 4 av 7 kontrollutvalsmedlemar å stilla på gruppemøte i forkant av tingseter enn for samtlege medlemar i dei fire hovudutvala. Sakshandsamar finn derimot at dette bør vurderast integrert i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune», framfor at det er ein del av «Reglement for kontrollutvalet». I reglementet for godtgjersle framkjem alt eit par forhold med slektskap til den nemnte problemstillinga:

- Pkt. 4 Godtgjersle ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande.
- Pkt. 4.1 Gruppemøte. Omhandlar at *«gruppemøte som vert haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinget vert rekna som ein del av fylkestingsmøtet og gir ikkje grunnlag for egne godtgjersler»*.
- Pkt. 6.2 Dekking av overnatting – 4. kulepunkt omhandlar gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Pkt. 10 Politikardagar - gjeld leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget. Her er både reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt omtalt.

Det er å merka om pkt. 4.1 at det ikkje er teke høgde for ein situasjon der nokre bør vera tilstades på gruppemøte, utan at dei skal vera tilstades på fylkestingsmøtet.

Forslag til innstilling

1. Fellesnemnda vedtek «Reglement for kontrollutvalet», slik det ligg føre.
2. Fellesnemnda oppmodar om at rettar for kontrollutvalsmedlemar som ikkje har sete i fylkestinget, relatert til gruppemøte før fylkestingssete, vert vurdert og innarbeidd i «Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune». Dette med utgangspunkt i innspel og moment som går fram av saksframlegg og handsaming i møter i denne saka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Reglement for kontrollutvalet